

**Astri Jortveit Horn** leverte i 1994 inn si hovedoppgåve i nordisk språk og litteratur ved Universitetet i Oslo. Oppgåva fekk namnet «Venneslamålet i eit dialektgeografisk og sosiolingvistisk perspektiv». I den samanhengen intervjuja ho mellom andre **Ola Eikeland** (født 1915), **Tordis Drivenes** (født 1929) og unggutane **Bjørn Arild Reber** og **Are Bjørnstad** (begge født i 1974). Her fylgjer nokre korte språkprøver som m.a. syner at det er liten skilnad mellom det språket dei eldre talar og det dei to unggutane preker:

### Arbeid på låven

**Ola:** Æ he jåbba litt på nabogaren dær 'os sværre. Æ tru æ va tåll og ivar va væll ti år. Me va mæ og jalp på låven mæ traeskinga.

så va' kje onkel no veldi svær arbeiskar. Han ville kvile litt, og de hadd' kje me brug fárr, tykte me. så nå han kvilte og sadd og røykta dær, så sprang me i halmen og i støve. så blei han i ulag på detta. Dær va' kje fre å få: «kan 'kje dykken sidde still? Då æ va på dykkårs allår, så konne æ sidde heile timane og tænke på åssen vère va i fjåor på detta tele».

### Aktivitet i bondekinnelaget

**Intervjuaren:** Æ de mæ aktivitet i detta lage?

**Tordis:** Jadå, mi he veldi mæ aktivitet. I år æ'de frykteli travelt, rætt og slett. så he ju bondekinnelage stilt opp på Vigelann Håvedgår. Og dær he mi ju possa opp bryggårhuse. Dær æ sånn en dåbbel steigavn som dær æ fyring oppe og nerø. så dær æ steiging i tåo etasje. så d'æ igronnen bare dæn øvrste som æ i sjikkeli i brug, mæn dæn andre ska mi au få reparert. Mæn mi he ju prøvt å bakt dær.

**Intervjuaren:** Og de jekk fint?

**Tordis:** Å jadå, å di blei så gåoe!

**Intervjuaren:** ja, di bli ekstra gåoe di gammeldagse brøane.

**Tordis:** Jadå, jadå, di va allså så gåoe!

### Litt om Vennesladialekten

**Intervjuaren:** Åssen tykke dykken Vennesladialekten æ?

**Are:** Dæn æ fin dæn, dæn æ jo heilt egen.

**Bjørn Arild:** Bare sånn av og te nå en æ ude og traffe østlanninge, så sjønne di' kje allti å du seie.

**Intervjuaren:** Legge du om då?

**Bjørn Arild:** Viss di spør oppijann, då legg' æ om.

**Are:** D'æ ønkelte or som «jænge ud», «tykke dykken», så stænne di som et spørsmålstein.

**Intervjuaren:** Mæn i byen, i Kristiansand, legge dykken om dær?

**Bjørn Arild:** Nei, dær æ mi stålte a dialekta våres.

**Intervjuaren:** Di læ' kje a dialekten dykkårs?

**Are:** Jan, de hænne de, mæn di he' kje noe å læ' a egentli.



4. klasse ved Vennesla skule i 1943. I bakgrunnen ser me Gamle Vennesla Bedehus. Dei blei brukt som skulelokale fordi dei ordinære skulebygningane var okkupert av tyskarane. Namna er døypenamn. Fylste rekke (f.v.): Sonja Andersen, Kristine Sørensen, Else Bakkan, Borghild (Tulla) Fjellestad, Ingrid Lian og Margot Gundersen. Andre rekke (f.v.): Olav Einstabland, Gunnar Bakken, Harald Hagen, Rolf Jakobsen, Jonny Holberg og Rolf Syvertsen. Tredje rekke (f.v.): Olav Jortveit, Mangård Birkeland, Sigurd Tornes, lærar Eiliv Mjåland, Kåre Lian, Erling Honnemyr og Tore Robstad.

Foto: Arne i Støa.



Gamle Vennesla Skule (med «kjørka» og det gamle ungdomslokalet) – sett frå Vardeheia.



Samkom Skule 1933. Fyrste rekke f.v.: Grunde Austad, ukjend, Iris Voreland, Edit Knutsen, Åsta Urdal, Ragnhild Haraldstad, Arna Østerhus, «Tulla» Bjørnsen og Maria Finsland. Andre rekke (f.v.): Bjørgulf Austad, lærar O.B. Austad, Einar Limm, Ola Fjellestad, Arthur Knatterud, Arne Ruenes, Olav Haraldstad, Tellef Voreland og Ola Omdal. Sønene til læraren er au med på bildet.

### **skule (s,m)**

– ein stad der ein gjev undervisning, opplæring, skole (Aasen: skule, norr: 'skóli' el. 'skúli', eng: school, ty: Schule, lat: schôla).

Ordet er opphavleg gresk med tydinga 'fritid', 'det å vere oppteken i ledige timer med "åndelige syslar"'.

Kvar forma skule' (med rotvokalen u) har opphavet sitt, er ein ikkje sikker på, men det finst nederlandske dialektar med denne rotvokalen i ordet. Likeeins finn ein han i ein svensk dialekt. Og det engelske 'school' har ein uttale av rotvokalen som ligg mellom vår (lange) o og u. – Ein påverknad derifrå kunne for så vidt slå båe vegar(mot o eller u) når ordet skulle tilpassast vårt heimlege lydsystem. – Noe tilsvarande kan seiast om den "europeiske" uttalen av tysk u i 'Schule'.

Likevel, den lange u-lyden i 'skule' heng hardt i hos innfødde venndølar. – Og det finst ingen grunn til å endre på det!